

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2014	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/250	14/8919

### KS medverknad i lokale og regionale prosessar i kommunereform

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir si tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

KS har i brev til kommunane i Hordaland dagsett 4. juli 2014 bede om at vi gir tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale og regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Landsstyret i KS har bede fylkesstyra henta inn slikt mandat frå den enkelte kommune/fylkeskommune. Dette for å gjera det tydeleg at KS si rolle i kommunereformarbeidet er definert av kommunane.

Det går fram av Prop. 95S (2013-2014) Kommuneproposisjonen 2015 at alle kommunane i landet hausten vil bli inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere, og å avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Regjeringa har gitt fylkesmennene ansvaret for å setja i gang desse prosessane. I proposisjonen seier Regjeringa at det er ønskeleg at dei regionale prosessane blir gjennomført i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varslar ein eigen invitasjon til KS om å delta i prosessane etter stortingsbehandling av proposisjonen. KS mottok ein slik invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren 3.juli 2014.

KS ønskjer i denne saka ei særskilt medlemsforankring av si deltaking i det vidare prosessarbeidet, og vil invitere til ei politisk behandling i kommunen/fylkeskommunen.

KS sitt landsstyre diskuterte regjeringa sitt forslag til ei kommunereform og invitasjonen til KS i sitt møte 28. mai i år, og fatta følgjande samrøystes vedtak:

*«Landsstyret er positiv til at KS sentralt og regionalt tilrettelegger for og gir prosessveiledning i lokale prosessar og at dette gjeres i samarbeid med fylkesmannsembetene, i et likeverdig samarbeid. Det forutsettes at det er en gjensidig forståelse i dette samarbeidet for at kommunene selv styrer framdriften i prosessene, og definerer sine behov for veiledning og prosessstøtte»*

**Landsstyret tilrårde samtidig at fylkesstyra ba kommunane gjennom lokale politiske vedtak å gje fylkesstyra mandat til å gå inn i eit slikt samarbeid om tilrettelegging av lokale prosessar. Dette vil**

**tydeleggjera at medan fylkesmennene si rolle i samarbeidet er definert av staten, er KS si rolle definert av kommunane.**

Ifølge kommuneproposisjonen vil den organiserte prosessen starta i august 2014, og vil i hovudsak gå til kommunane fattar sine vedtak innan sommaren 2016. Vedtaka skal meldast til KMD via fylkesmannen, som også vil bli beden om å gjera ei sjølvstendig vurdering.

Våren 2015 skal det leggest fram ei stortingsmelding med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar, og ein samla proposisjon om ny kommunestruktur vil bli fremja for Stortinget våren 2017. Dei særskilte økonomiske virkemidlane i reforma vil gjelda for kommunar som det er fatta nasjonale vedtak for i løpet av reformperioden, dvs innan 01.01.18. Iverksetjing av samanslåingane vil vera seinast 01.01.20.

### **Konklusjon**

Radøy kommune gir sitt samtykke til at KS legg til rette for lokale prosessar på medlemne sine premisser, saman med fylkesmannen.

### **Formannskapet i Radøy - 055/2014**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune gir si tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

#### **Vedlegg:**

Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform